

Minneord professor Hans Sevatdal

Kollegaene på Institutt for landskapsplanlegging

Hans Sevatdal gjekk bort den 12.9. Det kom som eit sjokk på kollegaene på NMBU. Berre nokre dagar før hadde vi hatt Hans på telefonen. Frå sjukesenga ga han råd til studentane. Det var jo berre ein litt stri lungesott som skulle kurerast. Så var det likevel noko verre – det verste. No slår ikkje Hans sitt store hjarte meir. Han vart 75 år.

Hans vaks opp på gard i Telemark, med praktisk skogbruk- og agronomutdanning før studiane og seinare livslang lærargjærning i jordskiftefaget på Ås, der han i 1972 tok Lisen-siatgrad i «Eigedomstilhøve og skogreising på Vestlandet», og vart professor i 1980. Med si bakgrunn var Hans klår på at teori skulle være relevant for alle som driv verksemd knytt til areal. På tunge fagsamlingar var det profes-soren som drog diskusjonen ned til verkelege problem. «Røynda er ikkje uinteressant», som han sa. For fag skulle være artig og.

Hans Sevatdal skapte eit teoretisk funda-ment retta inn mot praktisk arbeid i dei eige-doms-profesjonane: frå jordskifteretten til eige-domsregister. Med solide kunnskapar i historie, juss og eigedomssystem, samla han idear frå mange samfunnsvitskapar til fun-gerande analyseverktøy. Då institusjonell teori fekk ein vitskapeleg rennesanse 1990-talet, greip Hans tak i dette med si barnlege glede over ny kunnskap. Så passa då og desse teoriane godt med dei tilnærmingane han sjølv tidlegare hadde hatt til problema.

Sevatdal førde jordskiftelova av 1979 i pennen, og var viktig for jordskiftelova av 2013 og matrikkellova av 2005. Han var sterk deltakar i internasjonalt samarbeid. Han var prorektor 1990–93. På fritida var Hans familiemann og særleg glad i friluftsliv. Han hadde viktige verv og roller i Rotary, jakt og fiske og andre organisasjonar.

Som kollega var Hans vår nestor og ein likefram, nær og diskusjonsglad kamerat på laget. For mange hundre studentar gjennom åra var han ein slags fagleg farsfigur, som alltid gav dei kunnskap men også visdom og omsut – for studiet og for vegen vidare. For det var lærar og medmenneske Hans Sev-

dal meir enn noko anna var. Han kunne knapt reise til nokon stad i landet utan å møte takksame gamle studentar. I 70 års presang ga kandidatane Hans nett det han hadde ønska seg, «Hansedagen», det største fagmøte om eigedom i Norge til no.

Eit heilt fagmiljø er råka. Her på institut-tet står eit kontor tomt. Der inne finnes prov på eit heilt og fullt universitetsliv; lære-skrift, publikasjonar og korrespondanse. Men her finns og prosjekt det «berre skulle arbeidast litt meir med». Hans så fram til å kose seg med slikt, til friluftsliv og tid med sine kjære framover. Slik blei det ikkje.

Vi tenkjer på Hans sine næraste. Vi er med dykk i sjokket og i sorga. Samstundes veit vi at familien, kollegaer i inn- og utland og alle dei ungdomar som har hatt Hans som lærar; I sorga er vi også stolte, og vi føler takksemd for å ha fått vokse som menneske i nærleiken av trygge og venlege Hans.

Kollegaer på Institutt for landskapsplanleg-ging, Norges miljø- og biovitenskaplege univer-sitet.



Foto: NMBU (Elin Judith Straumsvåg)

Jordskiftedomstolene og Domstoladministrasjonen

For alle oss som er tilsette i jordskiftedomstolane, var det med stor sorg vi tok i mot meldinga om at professor em. Hans Sevattal gjekk bort den 12. september, 75 år gamal. Alle hadde vi eit forhold til Hans, og vi vert triste ved tanken på at han no er borte.

Hans Sevattal har heilt sidan 1966 vore tilsett ved Norges landbrukshøgskole, no Norges miljø- og biovitenskapelige universitet. Han vart dr.scient i 1972 og professor i jordskifte i 1980. Han har særleg arbeidd med eigedomshistorie, eigedomsteori og jordskifte, og har publisert arbeida sine nasjonalt og internasjonalt. Han hadde og eit omfattande internasjonalt kontaktnett, som han villig stilte til disposisjon for oss andre når vi ville vitje andre nasjonar og sjå korleis dei hadde løyst sine jordskiftedefaglege utfordringar.

Hans Sevattal har vore sentral i utviklinga av jordskiftelovgjevinga. Han var mellom anna sekretær for utvalet for dagens jordskiftelov, medlem av arbeidsgruppa som vurderte jordskifteretten sine framtidige arbeidsoppgåver og medlem i referansegruppa for den nye jordskiftelova som trer i kraft 1.1.2016. Han var og medlem av delingslovutvalet, som førte fram til matrikkellova av 2005.

Dei aller fleste jordskiftedommarane som praktiserer yrket i dag, har hatt Hans Sevattal som sin lærermeister. Han har og rettleia svært mange av dei studentane som tok master- og doktorgradstema i jordskifte. I denne

rolla var han heilt unik. Han kom med kreative idear, og støtta kvar enkelt på ein god og omsorgsfull måte.

Ingeniørane og sakshandsamarane i jordskiftedomstolene møtte han ofte som forelesar. Han var alltid engasjert og klarte å inspirere oss andre. Han var opptatt av kvar enkelt, hugsa namnet på alle og var interessert i å høyre korleis det gjekk. Ikkje minst ville han høyre om interessante faglege utfordringar. Han tok med seg studentar på feltkurs til jordskiftedomstolar rundt omkring i heile landet. For Hans var det viktig at studentane fekk bryne seg på aktuelle problemstillingar og at dei fekk møte aktørane i sakene.

Det er fem år sidan Hans gjekk av med pensjon. Han var framleis ein svært populær forelesar, og for oss var det eit høgdepunkt kvar gong vi fekk treffe han og høyre han. Hans Sevattal arbeidde dei siste åra med ei lærebok i eigedomshistorie. Han såg fram til å ferdigstille boka, og vi såg fram til å lese den.

Når det triste budskapet nådde ut, skreiv studentane på Ås «en kjempe er død». Det kan ikkje seiast betre. Vi er takksame for alt Hans Sevattal har gjort for kvar enkelt av oss, og alt han gjorde for jordskiftedomstolane.

På vegne av jordskiftedomstolene og Domstoladministrasjonen

Solveig Moen
Avdelingsdirektør